

FUSA KYRKJEBLAD

Nr. 5

Oktober 2020

Årgang 86 år

Nytt konfirmantkull i full gang!



Foto: Britt Mari Gjerde



Når eit sukk
blir ei bøn
S. 2



Haut-
konfirmantar
S. 4-5



Endeleg får han
svara sjølv
S. 6-8



Bella og
Proff
S. 12

FUSA sokn Fusa kyrkjekontor

FJORD'N SENTER 2. HØGDA
Postboks 73, 5649 Eikelandsosen
Tlf. 56 58 01 81
E-post: post.fusa@kyrkja.no

Kontortid

Mandag - fredag kl.09.00-14.00
Prest og organist har fridag måndag.

Sokneprest

Einar Ekerhovd 91 38 29 64

Fung. kyrkjevevje

Harald Geir Sæther 41 66 20 90

Dagleg leiar

Hans Einar Markhus 95 93 65 80

PRIVATE TELEFONAR

Sokneprest

Einar Ekerhovd 91 38 29 64

Fung. kyrkjevevje

Harald Geir Sæther 41 66 20 90

Trusopplæring

Stefan André H. Svendsen 98 42 11 17

Petra Dahlström 95 52 96 30

Norunn Rød Markhus Permisjon

Konsulent

Endre Tveit 90 24 41 52

Medarbeidarkoordinator

Hartvig Haugen 56 58 31 96

Kantor

Iman de Zwart 95 03 93 33

Soknerådsleiar

Roald Samnøy 41 33 36 25

Kyrkjetenarar

FUSA KYRKJE

Rianne de Zwart 46 68 03 96

STRANDVIK KYRKJE

Rianne de Zwart 46 68 03 96

HÅLANDSDAL KYRKJE

Terje Rød 48 25 56 46

SUNDVOR KYRKJE

Øyvind Nordbø 48 30 52 59

SÆVAREID KAPELL

Terje Rød 48 25 56 46

Gåver til kyrkjelydsarbeidet
kan sendast Fusa sokneråd,
bankgiro: 3530 25 86215
eller VIPPS #90436

FUSA KYRKJEBLAD

Postboks 73, 5649 Eikelandsosen

Ansvarleg redaktør:

Leiar i Fusa sokneråd Roald Samnøy.

Konto for kyrkjebladet:

3530 25 86215

Bladpengar er kr. 250,- pr. år

Utanbygds kr. 350,- pr. år


REDAKSJONSNEMND:

Hans Einar Markhus

Harald Geir Sæther

Toril Hjartåker Hauge

Når eit sukk blir ei bøn



Far min sa ofte "No må vi sukka til Herren". Eg huskar sukka hans ved middagsbordet. Han var tyngd av dagens samtalar på Socialtjénsten, av liva og lidinga han hadde høyrte om. Far sukka til Herren og la alt i Herrens hand. For meg som barn var det naturleg at pappa sukka, eg likte lyden av sukka hans, for dei kjendest ekte. Å sukka synst eg er eit nydeleg bilde av bøn. Herren ser til hjarta våre og veit tankane våre. Det er nok med eit sukk. Sukket blir til ei bøn. I sukka får vi gje uttrykk for naud og lengting, vi får sjans til å løfta blikket til Herren som er allmektig. Lat oss sukka til Herren i dag og gje han lovsangen vår, hjarta våre.

I Romarane 8 kan vi lesa om at det skapte er forgiengeleg, og at det «lengtar inderleg etter at Guds born skal openberrast i herlegdom». Det står skrive i Romarbrevet 8,22-23:

"Vi veit at heilt til denne dag sukkar og stønnar
heile skapningen saman, som i fødselsrier.

Ja, endå meir: Også vi som har fått Anden ... sukkar med oss sjølv
og lengtar etter å bli Guds born heilt og fullt når kroppen vår blir sett fri."

Bibelen talar om at vi saman med heile skaparverket lengtar etter å bli
Guds born fullt ut. Men det stoppar ikkje med sukka våre, Gud sukkar for
oss. I Rom. 8,25 står det skrive:

"Men håpar vi på noko vi ikkje ser, då ventar vi med tolmod.
På same måten kjem Anden oss til hjelp i vår maktløyse.
For vi veit ikkje kva vi ska be om for å be rett,
men Anden sjølv går i forbøn for oss
med sukk utan ord."

Tenk så trøysterikt. Anden ber for oss etter Guds vilje, ei bøn med sukk utan
ord. Og vi får kvila i Herren. Eg vil tru at Herren sukka for oss lenge før vi
sukka til han. Kjærleiken er at Gud først elska oss, og sende son sin til soning
for syndene våre. Våre sukk blir et gjensvar til sukka frå Gud, ei takk.

I Johannes' openberring 21 kan vi lesa om ein ny himmel og ei ny jord. Tenk
den dagen, når det ikkje lenger finst noko sorg, skrik eller pine. Når eg ten-
ker på det som ventar, tar eg til å lengta. Eg lengtar etter ein plass i kjærleik,
forsoning og fullkomenskap. Men enn så lenge vil eg sukka og søka Herrens
andlet. Eg sukkar, med hjartet sukk.

Petra Dahlström

BIBEL PÅ DITT SPRÅK?

Ønskjer du deg ein Bibel til heimen?
Ønskjer du deg Bibel på ditt språk?

Ta kontakt med Fusa kyrkjekontor,
tlf. 56580181, eller på epost til
post.fusa@kyrkja.no.

Vi har biblar på fleire språk, og vi kan skaffe biblar på mange språk!



Open kyrkje i Strandvik

Etter sommaren har ein kome i gang igjen med «Open kyrkje» i Strandvik. Kvar tredje tysdag i månaden (unntatt i desember) vil kyrkja vere open frå kl. 19:00 til 20:00. Ein kan tenne lys, sitje stille i ein benk og høyre på musikk framført i ulik storleik og fasong. Datoane framover i haust er 20. oktober og 17. november.

I oktober kan ein lytte til korpsmusikk spelt av 40-års jubilaranten «Holmefjord Musikklag». Det er på dagen 40 år etter stiftingsdatoen! Og i november vil den unge og lovande forfattaren Endre Tveit lese frå eigen verk i avveksling med orgelmusikk ved Iman de Zwarte.

Fylg elles også med i lokalavisa og på soknet si Facebooksida.



MUSIKK FRA LIVETS BEGYNNELSE/BABYSONG

Vi er så glade for at vi igjen kan møtast til Babysong. Varmt velkommen til liten og stor. Første treff er onsdag 21. oktober kl.10.30 på Eikelandssosen bedehus.

Påmelding til Petra, mobilnr: 955 29 630.

Foto: Hans Einar Markhus



NOAH

-friluftsklubb for gutar (5.-8.klasse)

NOAH er godt i gang! Program for resten av hausten:

16/10: Fisking

Stad: Drageidet

Tid: 17:00 - 19:30



6/11: Snekkarkveld

Stad: Hos Ottar Midtrød/ev.

Montessoriskulen

Tid: 18:00-20:30



4/12: Juleavslutning

Stad: Kjem seinare

Tid: 18:00-20:30

Informasjon/påmelding: Ernst Ove Indrebø: 41451801 eller Ottar Midtrød: 95753830

Atterhald om endringar. Medlemskontingent er kr. 100,- pr. semester. Tiltak for smittevern er innført. Klubben vert driven som eit ledd i det kristne ungdomsarbeidet i Fusa, koordinert av kyrkjekontoret.

Leiargruppa: Ernst Ove Indrebø, Ottar Midtrød, Stefan André Svendsen og Hartvig Haugen.

DANSEWEEKEND

Liker du å danse HipHop og er mellom 12-18 år? Nå har du sjansen 😊. 17.-18. oktober er det Danseweekend på Eikelandssosen bedehus. Danseinstruktør Ragnhild Gjøvikli lærer oss HipHop til både nybegynner og erfarne. BLI MED, dette blir stas!! Arrangør er Fusa sokn samen med ACTA/SubUrban, barn og unge i Normisjon. Påmelding til Petra Dahlström (mob. 955 29 630) snarast. Alle er varmt velkommen til ungdomsgudstene på Eikelandssosen bedehus 18 oktober kl. 19.00. Gudstene startar med Showtime, der dansarane viser kva dei har lært på Danseweekend.



Foto: Norunn Rød Markhus





Konfirmasjon

i Fusa sokn

Sundvor 29. august:

May Lene Bergesen Markhus, kyrkjelydspedagog Stefan André Svendsen, Nikolai Nekritiuk Gulholm, Karl Ole Hauge-Breivik, sokneprest Einar Ekerhovd, Steffen Gjerdevik, Hans Petter Gjør.

Foto: Sigbjørn Sundfjord.



Fusa 30. august:

Bakre rekke: Jørgen Næss Boge, Isak Boge Bekken, Kristian Næss, Anders Samnøy, Markus Høiby Hansen. Framre rekke: kyrkjelydspedagog Stefan André Svendsen, Eline Boge Østvik, Vilde-Sofie Næss, Jennifer Madelen Samnøy, Maria Skibenes, sokneprest Einar Ekerhovd.

Foto: Harald Geir Sæther.



Fusa 30. august:

Bakre rekke: Oliver Gjernes Riise, Ole Strøm, Vetle Røseth, Håvard Langhelle Straumsnes, Ruben Lund Øksnes.

Framre rekke: kyrkjelydspedagog Stefan André Svendsen, Alexander Markhus, Vegard Solheim, Birgitte Røssland Håvik, sokneprest Einar Ekerhovd.

Foto: Harald Geir Sæther.

mantar nausten 2020

Hålandsdalen 5. september:

Bakre rekke: Mathias Tombre, Sigrid
Amelia Heidal, Sarah Øygard Eide
Framre rekke: kyrkjelydspedagog
Stefan André Svendsen, Natalie Hel-
land Markhus, Ida Djupvik Nerhovde,
Even Djupvik Nerhovde, Karina
Midtrød, sokneprest Einar Ekerhovd.
Foto: Terje Rød.



Hålandsdalen 5. september:

Bakre rekke: Torstein Olderkjær,
Eirik Arve Lister Midtrød, Paul Filip
Rød Lamp.
Framre rekke: kyrkjelydspedagog
Stefan André Svendsen, Brynjar
Jones Rød, Mia Ragnhildstveit, Iselin
Kolltveit, Marit Andrea Rød Håland,
sokneprest Einar Ekerhovd.
Foto: Terje Rød.



Strandvik 6. september:

Bakre rekke: kyrkjelydspedagog Ste-
fan André Svendsen, Daniel Sundvor,
sokneprest Einar Ekerhovd
Framre rekke: Andrea Nicole Hau-
kefær, Erica Tveit, Hanna Sandven
Øvrebotten, Mariell Solberg.
Foto: Peter-Hans de Zwart.



KVA SVARER OLE BJØRN på sine egne spørsmål?

Nokre menneske er så taktfulle at når dei ynskjer å fortelja noko, spør dei fyrst andre kva dei har å seia om saka, og held deretter tolmodig inne med sitt til dess nokon spør tilbake.

Kanskje Ole Bjørn er eit slikt menneske? I om lag ti år har han fretta folk ut om tru og tvil, bibelord og barndomsminne. Kva har han fått tilbake? Berre svar på svar og atter svar. Forståeleg nok, det, men kanskje har Ole Bjørn heile tida sete og verka etter sjølv å fortelja om sitt syn på kyrkja, kvinnelege prestar og kva han ynskjer seg til jul?

Det skal eg finna ut av no. Me sit på ein benk i Eikelandssosen, og eg startar med det kanskje vanskelegaste spørsmålet eit menneske kan få:

Tekst og foto: Toril Hjartåker Hauge

- Kven er du?

Ole Bjørn er budd på spørsmålet og vel denne vinklinga: «Eg høyrer til urbefolkninga i Eikelandssosen og trur eg forstår stammespråket, eller «stammens hyl», som ein prest kalla det. Mine besteforeldre på morssida kom frå Sogn, men far min var odelsgut på Eikeland, slik eg sjølv var. Eg har to vaksne døtrer og fem barnebarn og lever framleis eit rikt liv, synest eg.»

Opp gjennom livet har Ole Bjørn hatt minst to identitetar. Alt etter kven som spurde, kunne han velja kva han vil leggja vekt på: lærar eller bonde. «I ettertid ser eg at garden har styrt livsløpet veldig mykje,» fortel han.

I arbeidet som bonde kjem ein tett på liv og død, naturens gang. Alt som veks og skal haustast, - slåttan no om sommaren. Det var eit slit å byrja å slå

alt før skuleferien, men no - litt på avstand, når eine dottera har overteke garden— er det flest gode minne att. «Eg hyrte inn ungdommar i slåttanna, og høgdepunktet var sjølvsagt slåttegrauten når det meste var i hus.»

Han minnest òg at han las Bondebladet med større iver enn lærarlaget sitt organ. «Men for all del, eg har trivst i klasserommet også, med kjekke elevar og kollegaer.»

Eit anna stort spørsmål som Ole Bjørn så ofte har stilt, er dette:

- Kva brenn du for?

Svaret hans kjem raskt og klart: «Eg meiner det viktigaste i dagens samfunn er å få fram for dei unge at livet er verdifullt. Verda er god! Me møter så mange mørke, negative signal i nyhendebildet og i media generelt. Det er krise på krise på krise: Korona-krise og klimakrise og endå fleire. Det kan bli for mykje alvor og ansvar, særskilt for dei som tar alt dette inn over seg. Det kan ta vekk livsgleda deira, og det heilt utan grunn. Verda er jo vakker, og det er så mykje å gleda seg over – sjølv om me ikkje greier løysa alle problem så raskt som me skulle ynka.»

Ole Bjørn kjem også her inn på naturen, på den tumleplassen me er heldige å ha på landsbygda, sjansen born har her til å springa fritt rundt utan hinder og frykt.

Den entusiasmen Ole Bjørn viser no, tar ein brå slutt ved neste spørsmål. Det var ikkje meininga, for sidan han har formulert det sjølv ein gong, kunne det jo henda han sat og brente etter å få svara på det. Spørsmålet er:

- Statskyrkje eller ikkje?

Det er tydeleg at dette ikkje er eitt av dei tema han har lengta etter å snakka om. Etter eit lite sukk, følgjer han

likevel pliktsskuldig opp:

«Korleis den norske kyrkja er organisert på nasjonalt plan, betyr ikkje så mykje for meg. Det er livet i den lokale kyrkja som gjer at eg er aktiv. Vår lokale kyrke fungerer, og det er det viktigaste. Dessutan verdset eg den verdsvide kristne kyrkja,» legg han til, og med det stig entusiasmen i røysta hans. «Det finst meir enn to milliardar medlemmer i kyrkja, har eg lese, frå koptarane i Egypt til norske pinsevenner. Så me er ikkje åleine. Når eg reiser rundt i verda, besøker eg mange kyrkjer. Det spelar ikkje noko rolle for meg om dei er katolske, gresk-ortodokse, russisk-ortodokse eller protestantiske. Det er den same Gud me trur på. Det treng heller ikkje vera noko preike der; kyrkja er på ein måte ei gudsteneste i seg sjølv. Eg hugsar ein skuletur me hadde til Paris. Klokka sju om morgonen gjekk eg tilottesang i kyrkja Sacré Coeur. Me var ikkje store flokken der inne, men nonnesangen frå galleriet var utruleg vakker. I slike stunder i fjerntliggjande gudshus merkar ein kva lang tradisjon også vår lokale kyrkje står i.»

Han føyer til eit ynske: «Det ville vore fint om kyrkjene også her til lands stod opne til dagen. Då kunne forbifarande få sjå dei innvendig, og lokale folk kunne koma innom ein vanleg kvardag, kanskje etter at dei hadde stelt ei grav på kyrkjegarden.»

Eg bryt inn i gleda hans over kyrkjebygga med eit anna kyrkjepolitisk spørsmål som han sjølv har stilt til andre:

- Kva meiner du om kvinnelege prestar?

Til liks med statskyrkje-spørsmålet får heller ikkje dette spørsmålet Ole Bjørn til å gløda. Han dreg pusten og tar tak i det på denne måten: «Dette er eit stridsspørsmål som har endra





Ole Bjørn har dei siste ti åra laga om lag 40 portrettintervju for Fusa kyrkjeblad. Han er førebudd på at fleire av spørsmåla kjem i retur når han no sjølv er intervjuobjekt.

seg gjennom tidene. I dag hadde ikkje kyrkja greidd seg utan kvinner i geistlege embete, og eg er ikkje prinsipielt imot kvinnelege prestar. Det er likevel uheldig dersom det blir ein kvinneleg dominans, og det er det kanskje ein tendens til no. Faren med det er at menn, og kanskje særleg unge menn, trekkjer seg vekk, frå både frivillig arbeid og frå stillingar innan kyrkja. I alle felt i samfunnet, i alle yrke, meiner eg kjønnsbalanse absolutt er å føretrekkja.»

Frå dette mykje omdiskuterte tema går me over til eit temmeleg enkelt ja-nei-spørsmål:

- Bibelen – den eldgamle boka, talar den til oss i vår tid?

Ikkje overraskande svarer Ole Bjørn «Ja», og lesaren ville vel dotte av stolen dersom eit intervjuobjekt i Kyrkjebladet ville svart det motsette! Men me kan ikkje stoppa med eit «Ja»; det interessante ligg sjølvsagt i grunngevinga.

Slik er Ole Bjørn si: «For det fyrste er det jo ikkje snakk om éi bok, men

mange, og grunnen til at ho talar til oss, er at ho er full av visdom. Å ha visdom er noko anna enn å sitja inne med ei mengd informasjon eller kunnskap. Informasjon kan ein finna til dømes på nettet, det kan ein ikkje med visdom; den kjem med erfaring, med sjølv livet, og Bibelen er ei samling av ei mengd livsvisdom. Viss me hoppar over den kjelda, går me glipp av mykje.» Og det er så mykje å trekka fram frå Bibelen:

«Det er i hovudsak det Nye testamentet som er Bibelen i vår kyrkje i dag. Det finst mange vise bøker i Gamletestamentet òg, men den måten Jesus levde, tenkte og handla på, var og er revolusjonerande. Det er hans liv her på jorda kyrkja er fundamentert på. Og det fundamentet er steingrunn. Då Jesus peika ut han som skulle vera «hyrde for mine sau» (Joh 21:16), var det nettopp han som hadde fått namnet Peter, «klippen». Bibelen fortel at Gud handlar i historia. Han har skapt alt, og handlar gjennom naturen og naturlovene. Naturen og livet er eit mirakel i seg sjølv. Mennesket forstår mykje gjennom

vitskap, men me skjønar ikkje alt og kan ikkje styra alt. Det vesle viruset Korona viser kor hjelpelaus mennesket kan vera. Me treng å vera meir audmjuke og spela på lag med naturen. Me kan ikkje trassa han,» seier realisten og naturfagslæraren gjennom mange år.

«Mange har eit håp om at vitskapen skal gjera det mogleg å leva tilnærma evig. Det freistar ikkje meg. Eg trur ein hadde mista perspektivet då. Når me veit at det tar slutt ein gong, greier me kanskje å nytta og nytta det betre mens me har det.»

Kva som skjer etter døden er eitt av dei felte vitskapen ikkje kan svara oss på, men den uvissa plagar ikkje Ole Bjørn.

Når me er inne på livsløp, fell det naturleg å gje han eit spørsmål han stilte til ein 91-åring for nokre år sidan:

- Ville du gjerne vore ung i dag?

Ole Bjørn tenkjer seg om, og fell ned på eit «Nei».

«Nei, eg ville ikkje vore ung med alle dei vala dei står overfor. Indivi-



dualismen pregar samfunnet, og kvar einskild må ta svært mange og vanskelege val for seg sjølv i ungdomstida.»

At også han sjølv tok eit slik avgjerande val i unge år, fell han ikkje inn før han blir minna om det: Han valde å nytta seg av odelsretten han hadde, og slå seg ned på Eikeland. Nei, han tenkjer ikkje på det som eit like frittstående val som dei ungdomen i dag møter. Det fall naturleg for han å følgja «slekters gang». Det var vegen han skulle gå, og han har trivst undervegs.

No er me komen så langt i samtalen at eg lurar: Er det eit spørsmål du saknar av dei du sjølv har stilt? Eg tenkjer sjølvsagt på dei to spørsmåla som Ole Bjørn etter kvart har kalla både «standardspørsmål» og «obligatoriske spørsmål»:

- Du har kanskje eit bibelord du er glad i? Og eit salmevers?

Ole Bjørn ler. «Eg tenkte dei måtte koma, ja. Svaret mitt er at det varierer med tid på dagen, årstid, og kven som spør! Nyleg hørde eg igjen den salmen som heiter «Abide with me» på engelsk. Den har ein nydeleg tone og ein dobbeltydig tekst. «Å bli hos meg, nå er det aftentid» syng me på norsk. «Aftentid» kan jo tyda både seint på kveld og seint i livet.» Når det gjeld bibelord, tar Ole Bjørn fram eitt frå ei forteljing i Johannes-evangeliet: Kvinna som vart gripen i ekteskapsbrot (Joh 8:1-11). Dei skriftlærde og farisearane vil setja

Jesus på prøve og spør han kva han meiner om Moselova som påbyr ein å steina «slike kvinner». Jesus skriv noko i sanden og svarer omsider: «Den av dykk som er utan synd, kan kasta den første steinen på ho.» Då går mennene vekk, står det, «dei eldste først».

«Me skal ikkje døma andre, er jo budskapet her,» seier Ole Bjørn. «I tillegg er det viktig å sjå sitatet i ein samanheng. Like etter sa Jesus til kvinna: «Gå bort, og synd ikkje meir frå no av.» Viss me tar bibelord ut av samanhengen, får me ikkje med oss heile meininga. Jesus gav kvinna ei retning vidare utan å sjå ned på ho og fordøma ho.»

Etter så alvorlege ord, verka det neste spørsmålet litt malplassert – eller kanskje tvert imot?

- Er det for lite humor i kyrkja?

Igjen ler Ole Bjørn i møte med sitt eige spørsmål – det skulle vel nesten berre mangla.

«Nei,» er hans spontane svar. «Ikkje i vår lokale kyrkje, nei. Media framstiller ikkje akkurat den norske kyrkja som ein morosam stad, men i Fusa sokn manglar det ikkje på humor. Og humor må me ha! Det er krydderet i tilværet, det.»

De er til og med plass til meir, meiner Ole Bjørn. Frå andre kjelder har eg høyrte at han lenge har ynskt å få nett den sjangeren inn som fast del i kyrkjebladet: Ei spalte for gode prestehistorier og vitsar. Redaksjonen har så langt ikkje opna for det, men som

ei slags avskjedsgåve og takk for alt han har skrive, ser det no ut til at «dei som har noko med det», tar sjansen. Då hadde det vore strålande om den som kom på idéen, Ole Bjørn, opna ballet med sin favoritt-prestevits. «Det må eg få tenka på,» seier han til den invitasjonen, men avvisande er han ikkje, så følg med framover!

Dette var berre eit knippe av spørsmåla Ole Bjørn har laga – me har ikkje plass til fleire i dette bladet. Ikkje har me tid heller: Ole Bjørn må vidare til neste avtale. Det er ikkje eit intervju denne gongen. Om lag førte portretintervju har han fullført. Gjennom dei er folk i Fusa blitt litt betre kjent med mange ulike menneske. Eg trur eg har heile soknet med meg når eg no takkar han hjarteleg for alt han har skrive, - og for at han i dag ville dela sine tankar om livet og kyrkja: Midt i alle kriser er livet verdifullt, og midt i den seriøse norske kyrkja finn Fusa sokn rom for latter og glede.



STRANDVIK
Transport og Maskin AS
5643 STRANDVIK strandvik.no duften@online.no
56 58 21 11 918 44 000 900 12 126 918 18 592

Prosjektering
Rehabilitering
Nybygg

TA KONTAKT MED

BYGGMESTER



SVENN C. STORUM

951 56 327 storum@fusi.no

Malerfirma
Kenneth Samnøen
5640 Eiklandsosen

Alt innen malerarbeid og tapetsering



Tlf. 90 80 15 38



HERBALIFE
ERNÆRING
Selvstendig Herbalife Medlem

Med produkter for:

- vektkontroll
- vitalitet og overskudd
- kosttilskudd for trening og idrett
- hud- og kroppspleie
- inn- og utvendig ernæring

TA VARE PÅ HELSA DI!
Spør etter gratis prøvepakke, uten forpliktelser.

Ring: 924 94 169
SIGNE GANGSTØ
E-post: famgang@fusi.no
www.signeg.goherbalfife.com/nn-no



SPAR 

Fusa

Man-fre **8-21**
Lørdag **9-20**

Tlf. 56582133
spar.fusa@spar.no

Velkommen til hyggelig handel hos Spar Fusa!

ASVO Fusa AS

www.asvofusa.no
post@asvofusa.no
tlf.: 56 58 14 18

5640 EIKELANDSØSEN

Er ei allsidig bedrift som driv med sal og produksjon

- Montering av mekanisk komponentar
- Fyringsbriketter og opptenningsveg
- Blomekassar, sandkassar og varmpumpehus
- Høvleri
- Listeproduksjon
- Plenslåing

Me har moderne maskiner for å trevareproduksjon og tek gjerne imot oppdrag for Dykk!

Alltid god service og rimelege prisar!

BYGGADMINISTRASJON
Harald Bjørndal a.s

PROSJEKTADMINISTRASJON - TAKSERING - KVALITETSUTVIKLING - OPPLÆRING

Tlf. kontor: 56 58 11 30
Tlf. privat: 56 58 51 19
Telefax: 56 58 11 99
Mobil: 970 63 526
E-mail: post@byggadmin.no

Postboks 103
5649 EIKELANDSØSEN

VARMEPUMPER, JERNVARER, HVITEVARER, BRUNEVARER,
BILUTSTYR, BÅTUTSTYR OG FISKEUTSTYR

Tlf 5658 1386 - Fax 5658 1656 - Mob 9054 4766
BERGE ELEKTRONIKK

Opningstider: **Man-Fre 10-17, Tors 10-18 og Lør 10-15**



Norheimsund
TRYKKERI AS

Steinsdalsvegen 187 A
5600 Norheimsund

Tlf. 97 59 24 88

E-post: post@nhstrykk.no

Alt i trykksaker

ah MALERMESTER
ALF HJELLE & SØNN AS 

Utfører alt i maler- og golvbeleggarbeid

Butikk i Fjord'n Senter

**FARGERIKE
HJELLE**

Åpningstider: Kvardagar kl. 10.00 – 18.00
Laurdag kl. 10.00 – 16.00

Tlf. 56 58 15 25 eller 915 46 880
E-post: firmapost@alfhjelle.no

VESTLANDSKE LIMTRE
INDUSTRI AS

5642 HOLMEFJORD
Tlf: 56 58 07 99
Tlf: 56 58 07 91

Spesialist på trekonstruksjoner
Limtre – beslag – takstoler - takverk

post@vlimtreno.no www.vlimtreno.no



1970-2015 Tradisjon for kvalitet i 45 år

Din leverandør av takkonstruksjoner og precut

L. HJERTNES AS 

5646 Nordtveitgrend • Tlf: 56 58 20 60
E-post: post@lhjertnes.no
www.lhjertnes.no

FUSA AUTO A/S
BILVERKSTAD



Fusa Auto AS

Opsalneset 20, 5641 Fusa
Tlf. 56 58 22 86
Opningstid: mån-fre 07:30-16:00



www.meca.no

M E C A



P. H. Haugen
Landhandel - Sævareid
tlf. 56583110

e-post:
narbutikken.severeid@narbutikken.no

Fusa 
Ferdigbetong as
5640 Eikelandsosen

Betongpumping - ferdigbetong
sand - singel - grus
transport - maskinarbeid
betongprodukter m.m.

Tlf. 56 58 13 10
Mobil 913 65 482 / 951 87 421
E-post: post@fusabetong.no



REISENE BESTILLER
VI HOS:

TRAVELNET

OS REISEBYRÅ AS

Boks 274 - 5203 Os
Tlf.: 56 30 43 00
e-post: os@travelnet.no
www.verden.no

Følg oss på Facebook 

DE Rørleggerservice

5645 Sævareid

Mobil: 915 87 002

E-post: deror@online.no



Sentralgodkjent rørleggerfirma

Solheim Elektro as

5642 Holmefjord

- Alt innen elektro
- Termografering og kontroll av elektriske anlegg
- Sertifisert av Det Norske Veritas



Telefon 91 71 84 91

E-post havard@solheimelektro.no
www.solheimelektro.no



Tønnegarden

Samnøyvegen 57 - 5642 Holmefjord
Tlf. 91 99 30 40

post@tonnegarden.no - www.tonnegarden.no

- Tønneproduksjon før og no.
- Selskapslokale, kurs og møtelokale.
- Servering av tradisjonsmat. Steinomnsbakst.
- Catering -middag, koldtbord, snittar mm. Kaker og lefser.



Følg oss på facebook og instagram.



Tombre

www.tombre.no

SPAR

Eikelandssosen

Opningstid 8-21

Laurdagar 9-20

Tlf. 56 58 00 90

BUNNPRIS

Eikelandssosen

Man - fredag 8-21

Laurdag 9-20

Tlf. 56581245

bpeikelandssosen@bunnpris.no



5643 STRANDVIK

Tlf. 56 58 00 70 Fax 56 58 00 79

E-post: post@leiglandbygg.no
www.leiglandbygg.no

Fusa og Samnanger

GRAVFERDSBYRÅ

OMSORG VED LIVETS SLUTT

DØGNÅPEN TELEFON

56 58 15 09

SE MINNESIDER PÅ FS-BYRAA.NO
BESTILL BLOMSTER FRAKTFRI TIL VÅRE SEREMONIER
VIA MINNESIDENE, PÅ HILDESBLOMSTER.NO
ELLER VIA TELEFON 55 19 72 05

Besøk vår heimeside
www.fusa-kraftlag.no

Din lokale kraftleverandør

Fusa kraftlag

5640 EIKELANDSSOSEN
Tlf. 56 58 00 20

 SparebankenVest

avd. Fusa

Tlf. 915 05555

Din lokale bank med
forsikring, lån,
sparing og plassering.

VI ER HER
www.spv.no

 Hordaland A/S
Rørteknikk / S 

56 58 09 90 hordalandrorteknikk.no

post@hrt.as Holsundvegen 285
5642 Holmefjord

Din VVS, VA, Vannkraft og Havbruk
leverandør.

Godkjent lærebedrift i rørleggerfaget.



Gudstenester i Fusa sokn

04.10.2020 - 06.12.2020

Dato	Kl.	Stad	Gudstenesteform	Kyrkjeåret
Oktober				
11.10.	11:00	Eikelandssosen bedehus	Familiemix	19. søndag i treeiningstida
18.10.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	20. søndag i treeiningstida
18.10.	16:30	Sævareid kapell	Gudsteneste	20. søndag i treeiningstida
18.10.	19:00	Eikelandssosen bedehus	Ungdomsgudsteneste	20. søndag i treeiningstida
25.10.	11:00	Hålandsdalen kyrkje	Gudsteneste	Bots- og bønedeag
25.10.	16:30	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	Bots- og bønedeag
November				
01.11.	11:00	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	Allehelgensdag
01.11.	19:00	Fusa kyrkje	Minnegudsteneste	Allehelgensdag
08.11.	11:00	Eikelandssosen bedehus	Familiemix	23. søndag i treeiningstida
15.11.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	24. søndag i treeiningstida
15.11.	16:30	Sævareid kapell	Gudsteneste	24. søndag i treeiningstida
15.11.	19:00	Eikelandssosen bedehus	Ungdomsgudsteneste	24. søndag i treeiningstida
22.11.	11:00	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	Kristi kongedag
22.11.	16:30	Hålandsdalen kyrkje	Gudsteneste	Kristi kongedag
29.11.	11:00	Eikelandssosen bedehus	Familiemix	1. søndag i adventstida
Desember				
06.12.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	2. søndag i adventstida

Det kan kome endringar i gudstenestelista.

Frå **KYRKJEBØKENE**



Dåp

Strandvik kyrkje

- 15.08.2020 Thea Midtrød Hanstveit
- 15.08.2020 Eva Marie Samnøy Haarberg
- 23.08.2020 Brage Brekke Holmefjord
- 23.08.2020 Aleksander Tveit Håvik
- 23.08.2020 Marie Ragnhildstveit
- 23.08.2020 Hans Inge Sletten

Fusa kyrkje

- 20.09.2020 Jonathan Rosvoll Heffernan
- 20.09.2020 Viktor Stene Kolle
- 20.09.2020 Maja Hjelle Svendsen



Vigsel

Strandvik kyrkje

- 15.08.2020 Stig Ove Evjen Haarberg og Maria Samnøy

Hålandsdalen kyrkje

- 08.08.2020 Christoffer Hannevig og Tine Kvist



Gravferd

Hålandsdalen kyrkje

- 05.08.2020 Herborg Bolstad, f. 06.03.1931

Strandvik kyrkje

- 06.08.2020 Irene Tveit, f. 22.10.1941

Sævareid kapell

- 11.09.2020 Margit Markhus, f. 23.02.1938



Informasjon

Avsendar:
Fusa kyrkjeblad
Postboks 73
5649 Eikelandsosen

Det skjer

Bella Superhelt & Professor Proff

Vår lengt er at mennesker skal få ta imot Guds grenselause kjærleik i Fusa. Arbeidet som trusopplærer handler mykje om å samla mennesker og dela tru og liv. Corona har gitt oss utfordringar og vi lurte mykje på korleis vi kunne ha kontakt med born og familiar uten å treffast fysisk. Vi fann ut at det var mogleg å invitere folk til ei familieside. Slik blei det, og no finnst «Fusa sokn si barneside» på FaceBook som du gjerne får bli ein del av. Der vil du treffe Bella Superhelt og Professor Proff. Bella elsker Jesus og vil læra meir om kven han er og kva som står skrive i Bibelen. Professor Proff elsker at eksperimentere til Guds ære.

Ofte set vi pris på noko først når vi misser det. Kanskje lærer vi mykje av denne tida, at vi vurderer fellesskapet høgare. Vi treng kvarandre og er så glade for at vi no får koma saman til gudsteneste igjen. Varmt velkommen til Familiemix på Bedehuset den 11. oktober kl. 11. Der vil du møte Bella og Professor Proff live. Bella vil synge og danse og Professor Proff eksperimentere.

La oss så ha blikket festa på Jesus som er den samme, i går, i dag og i all æve.
/Stefan & Petra




Kveldsbibelskulen er i gang med nærare 40 påmeldte deltakarar. Annakvar onsdag er ein samla i Eikelandsosen bedehus til grundig gjennomgang av både det gamle og det nye testamente. Prestane Einar Ekerhovd og Anette Emilie Gangstø står for stødig og god undervisning.



Foto: Harald Geir Sæther

Kalenderaksjonen 2020

I tida 15. – 18. november kjem konfirmantane og andre rundt på husa for å selje **Fusakalenderen 2021**. Ta vel imot dei! I år blir det ikkje høve til å kjøpa med kontantar, berre med VIPPS og bankoverføring.



Nytt konfirmantkull!

Endeleg kunne vi starte opp med dei nye konfirmantane med å dra på leir saman. Det er ein herleg gjeng å bli kjend med.

Leiren inneheld aktivitetar som bading, kanopadling, sang, dans, kortspel, konkurransar, undervisning, Gudsteneste - og nokon fekk til og med litt søvn også.

-Stefan André Svendsen,
ungd.arb.



Foto: Britt Mari Gjerde



Foto: Britt Mari Gjerde